

Referat frå styremøte nr. 4-2023

Dato: 6. oktober 2023

Tid: kl. 10.00-12.45

Stad: United Future Lab Norway på Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK) i Ålesund
og Teams

Til stades frå styret:

Ved fysisk frammøte:

Styreleiar Vebjørn Krogsæter (varaordfører i Ålesund kommune)
Nestleiar Eva Hove (ordfører i Fjord kommune)
Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)
Styremedlem Bjørn-Halvor Prytz (ordfører i Herøy kommune)
Styremedlem Harry Valderhaug (ordfører i Giske kommune)
1. vara Lena Landsverk Sande (ordfører i Vanylven kommune)

Digitalt via Teams:

Styremedlem Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)*
Styremedlem Monica Molvær (politikar i Ålesund kommune)**

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal
Rådgivar Vegard Austnes

Referent:

Vegard Austnes

* Deltok kl. 10.10-11.28 (t.o.m. sak 33/23)

** Deltok kl. 11.30-12.45 (f.o.m. sak 34/23)

Sak 27/23: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Styreleiar ønskte velkommen til møtet. Innkallinga vart godkjend. Saker til eventuelt frå dagleg leiar var økonomirapportering (sjå styresak 37/23 Eventuelt) og val av nytt styre i Sunnmøre regionråd på neste representantskapsmøte (sjå styresak 33/23 Neste representantskapsmøte 1. desember 2023).

Sak 28/23: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 3-2023 (12.05.23)

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Referat vart godkjend.

Sak 29/23: Spørsmål frå kommunedirektørgruppa på søre Sunnmøre ved Rune Sjurgard om Sunnmøre regionråd kan vere koordinator for å samordne kommunane sine interesser opp mot Helseplattforma AS og Helseforetaket når det gjeld innføring av Helseplattforma. Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Styret drøfta saka. Kommunane er i ulik situasjon når det gjeld innføring av Helseplattforma.

Sunnmøre regionråd kan vurdere å ta ei koordinerande rolle, t.d. når gjeld å arrangere møter og arbeide politisk for meir statlege midlar til kommunane.

Styret konkluderte med at dagleg leiar tek kontakt med kommunedirektørgruppa på søre Sunnmøre ved Rune Sjurgard med spørsmål om å konkretisere kva dei ønsker Sunnmøre regionråd skal gjere i saka. Saka vert å kome tilbake til på neste styremøte og kan eventuelt løftast til representantskapet ved eit seinare høve.

Sak 30/23: Spørsmål frå kommunedirektørgruppa på søre Sunnmøre ved Rune Sjurgard om Sunnmøre regionråd kan vere koordinator for rådmennene/kommunedirektørane i medlemskommunane i regionrådet. Kommunedirektørgruppa på søre Sunnmøre saknar eit slikt forum, og vil be regionrådet vurdere om ein kan få opp att ein slik møtearena der det vert teke opp aktuelle faglege tema og regionale problemstillingar som er felles for kommunedirektørane. Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Styret konkluderte med at Sunnmøre regionråd vil prøve å opprette eit forum for kommunedirektørane i deltakarkommunane med ein frekvens på 2 møter i året.

Dagleg leiar i regionrådet ivaretek vidare dialog med kommunedirektørane om oppretting av eit slikt forum.

Styret kom med forslag om at fylkeskommunen og statsforvaltaren kan inviterast til å delta på møter i forumet.

Sak 31/23: Spørsmål frå kommunedirektørgruppa på søre Sunnmøre ved Rune Sjurgard om Sunnmøre regionråd kan stille til disposisjon utgreiingskapasitet til dei for å kunne løfte opp saker og gi dei kontinuitet og framdrift. Enkelte sakstema kan stette alle kommunane på Sunnmøre, medan andre vil vere spesifikke for kommunane på søre Sunnmøre. Er det mogleg å få til ein fleksibilitet der kommunedirektørgruppa på søre Sunnmøre kan få nytte sekretariatet i Sunnmøre regionråd til slike oppdrag?

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Styret drøfta saka. Sunnmøre regionråd sin strategi er å arbeide som eit politisk råd. Regionrådet har dei siste åra gått vekk frå interkommunalt samarbeid. Prosjekt innan energiøkonomisering, barnehage- og skulesamarbeid og helse er avslutta og talet på stillingar er redusert frå 5 til 2.

Regionrådet må på denne bakgrunn tilførast meir ressursar for å kunne stille til disposisjon utgreiingskapasitet til kommunedirektørgruppa på søre Sunnmøre for å kunne løfte opp saker og gi dei kontinuitet og framdrift.

Styret konkluderte med at dagleg leiar ber om eit møte med kommunedirektørgruppa på søre Sunnmøre ved Rune Sjurgard for å legge fram strategien til regionrådet, og høyre om korleis regionrådet kan kome ajour med kva dei ønskjer med Sunnmøre regionråd.

Saka vert å kome tilbake til på neste styremøte og kan eventuelt løftast til representantskapet ved eit seinare høve.

Sak 32/23: Evaluering av paneldebatten (25. august) i samband med kommunestyre- og fylkestingsvalget 2023. Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Styret drøfta m.a. om ein heller enn Mørebenken på Stortinget skulle ha invitert partia sine kandidatar til fylkestingsvalget til paneldebatten. Argumentet for dette var at ikkje alle partia sit på Mørebenken. Motargumentet var at debattpanelet kunne blitt for stort.

Styret konkluderte med at paneldebatten gjekk greitt, og at regionrådet vil prøve å arrangere fleire debattar i framtida.

Sak 33/23: Neste representantskapsmøte 1. desember 2023

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar orienterte om at neste representantskapsmøte (nr. 3-23) finn stad på Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK) i Ålesund 1. desember 2023.

Temaet for representantskapsmøtet er *regionbygging*.

Det vert innlegg ved statsforvaltar Else-May Norderhus og fylkeskommunedirektør Toril Hovdenak.

I tillegg vil ein på representantskapsmøtet setje av tid til at kvar ordførar får presentere seg og fortelje om vyar for eigen kommune og for regionen. Regionrådet kan ha ei rolle som ordførarkollegium der ordførarane kan drøfte saker og vere til støtte for kvarande.

På bakgrunn av resultatet i kommunevalget 2023 er det naudsynt å velje ny leiar og nestleiar av representantskapet, ny valnemnd, samt gjennomføre suppleringsval til styret. Dette vert tema på representantskapsmøtet.

Odd Jostein Drotninghaug, Lena Landsverk Sande og Leon Aurdal er fungerande valnemnd. Dagleg leiar har bede valnemnda legge fram ei tilråding på representantskapsmøtet.

Neste representantskapsmøte etter møtet 1. desember vert i januar 2024.

Sak 34/23: Orientering om Arena Sunnmøre 2023

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Arena Sunnmøre 2023 vert utsett frå 22. november 2023 til 9. februar 2024 (kl. 10.00-15.00). Grunnen til utsetjinga er m.a. at arbeidsgruppa ønskjer få med ein presentasjon av regjeringa sin Nasjonal helse- og samhandlingsplan som vert lagt fram før jul.

I arbeidsgruppa deltek Eva Hove, Monica Molvær, Lene Bjørlo Overå, Synnøve Vasstrand Synnes, Bodil Haugen Våge og Jan Kåre Aurdal.

Temaet for Arena Sunnmøre er framtidsbilete om helse- og velferdstenester i kommunane.

Seniorrådgivar i KS Konsulent Håvard Moe og medlem av Helsepersonellkommissjonen Magne Nicolaisen (kommunedirektør i Tromsø kommune) er blant innleiarane.

Det kom innspel i styret om å invitere leiarane for ungdomsråda i kommunane og leiaren for ungdomspanelet i fylkeskommunen til møtet.

Sak 35/23: Orientering ved dagleg leiar om sluttdato

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar orienterte styret om sluttdato (tentativt 1. september 2024) pga. pensjonering.

Jf. selskapsavtalen § 8, 1. ledd vert dagleg leiar tilsett av representantskapet etter tilråding frå styret.

Styret vil starte arbeidet med rekruttering av ny dagleg leiar og utarbeide ei tidslinje for rekrutteringsprosessen. Det må m.a. takst stilling om ein skal bruke rekrutteringsbyrå og utlysingstekst må utformast. Tilråding til representantskapet bør etter styret si vurdering landast i mai 2024.

Styret bad dagleg leiar lage eit notat med sine synspunkt om prosessen med rekruttering. Saka vert å kome tilbake til på neste styremøte.

Sak 36/23: Orientering om møter om Sunnmøre soningssenter 5.10.23 og 11.10.23

Ved styreleiar Vebjørn Krogseter og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Styreleiar og dagleg leiar orienterte om møte 5. oktober med statssekretær i Justis- og beredskapsdepartementet John-Erik Vika (Sp) mfl. om korleis det ligg an politisk med nytt fengsel i Ålesund. Møtet var positivt, men det kom ingen lovnad om nytt fengsel.

Styret drøfta vegen vidare for arbeidet med nytt fengsel. Det var forslag om å kontakte Birgit Oline Kjerstad (SV) i høve til statsbudsjettet, samt vektlegge kvinnefengsel i strategien og arbeide i forhold til Justis- og beredskapsdepartementet.

11. oktober møter styreleiar og dagleg leiar mfl. direktør i Kriminalomsorga region vest Ketil Evjen og assisterande direktør i KDI Jan-Erik Sandlie.

Sak 37/23 Eventuelt

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar orienterte styret om Sunnmøre regionråd sin økonomiske situasjon. Pr. dato har selskapet ca. 1 million kr. på konto.

Når det gjeld driftsrekneskapen for 2023 viste dagleg leiar til at det pr. dato er eit mindreforbruk.

Dagleg leiar peika på at pensjonsutgifter vert ei utfordring for selskapet framover.